



Stabbesteinane er på plass

**I innlegget vårt om opprustning av vegen over Bergsheiane vart det skrive at vegtraseen framleis er offentleg grunn. Det er feil. Tor Bringedal har skrive utførleg om dette tema i boka Kvinnherad 1837 – 1945.**

Han fortel til [uskedalen.no](http://uskedalen.no) at då den gamle vegen vart avløyst av den nye, var det spørsmål om vidare vedlikehald for å halda vegen open. Ingen av grunneigarane ville ta på seg slikt vedlikehald. Det offentlege ville heller ikkje ta kostnaden. Dermed gjekk grunnen tilbake til grunneigarane. Det same gjeld for Postvegen frå Helvik og sørover mot Ølfarnes.

Vegen over Bergsheiane, også kalla Stigen, ligg på Vågen, Ljosmyr, Berge og Bringedal. Svein Sætre har gjort eit stort arbeid med å rusta opp vegen frå Ljosmyr og om lag 500 meter mot plassen ein kallar Klype. Dei gamle stabbesteinane er på plass, kisteveitane er opna, vegen er rydda og kulturlandskapet er synleg slik det var før 1960. Målet er at vegen skal grusast innan utgangen av året.

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døsland